



Framtiden i våre hender Bergen/
Fatima Fowski Al-Ai
Bryggen 23
5003 BERGEN

Dato: 22.05.2015
Vår ref.: 2014/23340-79
Saksbehandlar: evawint
Dykkar ref.:

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak 2015

-Tilsegn om kr 55 000,- til Framtiden i våre hender Bergen-

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til organisasjonar datert 31.03.2015. De søkte om kr. 55.000,-. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 55.000,- til Framtiden i våre hender Bergen frå budsjettet for lokale klima- og miljøtiltak 2015.

Beløpet blir overført til kontonummer: **1254 05 05606**

1. GRUNNLAG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

«Informasjonsarbeid om hvordan privatpersonen kan føre en miljøvennlig og bærekraftig livsstil.»

2. ORGANISERING:

Prosjektansvarleg: **Fatima Fowski Al-Ai**

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering

Mottakar skal levere ein kortfatta rapport om aktiviteten og økonomien for 2015 innan 1. april 2016. Bruk vedlagde rapporteringsskjema og legg ved årsmelding og årsrekneskap for fylkeslaget.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar

seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Tale Halsør, tlf. 55 37 80 11 eller e-post: tale.halsor@hfk.no

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Akseptskjema

2 Sluttrekneskapsskjema

Kopi til:

Anne-Grethe Stenhjem